

Styremøte i Indre Nordmøre forsvarsforening (INF) 14.02.20 kl.11.00

Møtestad: Hammerstuene, Surnadal.

Tilstades: Olav Jostein Holten, Ivar Edmund Vatten, Halvor Flatekval og Lars Indreiten. Johs. J. Vaag kom til møtet kl. 11.50 av gyldig grunn.

Da sekretær Johs. J. Vaag ikkje kunne delta på styremøtet frå starten av fungerte Lars Indreiten som sekretær under heile styremøtet.

Sak 1.

Markering i Nåverdalen i samband med at det er 80 år sidan kampene der

Olav Jostein Holten refererte til møte på Berkåk der representantar frå Rennebu historielag, Innset historielag, Romsdal historielag, INF og Frivilligsentralen i Rennebu deltok. Markeringa skal skje 28. april. Det er planlagt nytt møte like etter påske om saka. Det kan korne på tale å støtte økonomisk.

Vedtak:

INF støttar arrangementet økonomisk.

Sak 2.

8. mai arrangement i Tingvoll

Årets markering av 8. mai er lagt til Tingvoll etter same opplegg som i 2019.

Vedtak:

Leiar og nestleiar får fullmakt til å planlegge arrangementet i detalj. Det søkes om økonomisk støtte gjennom sparebankstiftelsen i Tingvoll.

Sak 3.

Krigsminnesamlinga på Åsen

Det er behov for rekruttering av tilsyn på Krigsminnesamlinga og at fleire får kunnskap med det som er av effektar og andre ting der. Det er foreslått nytt 1. varamedlem til styret, busett i Surnadal.

Vedtak:

Den føreslegne 1. varamedlem til styret får nøklar til Krigsminnesamlinga og fører tilsyn og gjer seg kjent der.

Sak 4.**Fornyning av kontrakt med Surnadal kommune vedkomande Krigsminnesamlinga**

Kontrakten med Surnadal kommune går ut i 2020.

Vedtak:

Leiar får fullmakt til å forhandle med Surnadal kommune vedkomande ny kontrakt med Surnadal kommune.

Sak 5.**Årsmelding og rekneskap for 2019**

Styret gjekk gjennom årsmelding og rekneskap for 2019. Rekneskapen viser eit underskott pålydande kr. 24.431,18.

Vedtak:

På bakgrunn av framlagte årsmelding og rekneskap vil styret foreslå at årsmøtet godkjenner desse.

Møte slutt kl. 12.35.

Lars Indreiten

Fungerande sekretær